



BKK Nett AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5803 - 14/20321

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
08.09.2014

KORRIGERT: Stadfesting av planstatus - gbnr 59/10 og 59/11 Bergfjord - sjøkabel frå gbnr 58/42

Viser til e-post 16.07.2014 om straumforsyning til to hytter på Bergfjord .

Landarealet på begge sider av sundet (Bergfjordvågen) er regulert byggeområde for fritidsbustad. Reguleringsplanar: *BUSKENESET* og *BERGFJORD CAMPING*. Sjøarealet i sundet er *Bruk og vern av sjø* i kommuneplanen av 2011.

Linjebygging/kabling på land er såleis fullt ut dekkja av BKK sin områdekonsesjon og i samsvar med arealbruken i kommuneplanen og reguleringsplanane. Sjøkabelen er i samsvar med kommuneplanen:

Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde

- 6.1 Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6.
- 6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

Etter det vi kan sjå, berører ikkje dette tiltaket kommunale anlegg eller eigedommar.

Konklusjonen er at tiltaket er i samsvar med gjeldande arealplanar for området.

Det er ein føresetnad av at hamnestyresmaktene godkjenner sjøkabelen.

Inngrep i strandsona i høve nedgraving av kabelen må utførast slik at det vert minst mogeleg skade på naturen. Terrenget skal så langt råd er tilbakeførast til slik det var før tiltaket vart etablert.

Konklusjon: Ut over dette har Lindås kommune ingen merknader. Dersom saka vert sendt inn som *førelegging av tiltak*, er dette det svaret som kan påreknast frå kommunen.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen

Mottakarar:

BKK Nett AS